

# Språkåret 2013

## Hamar dialekt- og mållag

arrangerer følgjande aktivitetar våren 2013:

(Stadfesta arrangement per 15.04. Fleire arrangement er under planlegging.)

**Arrangementa er i regi av Hamar dialekt- og mållag,  
men er OPNE FOR ALLE uavhengig av målform eller politisk ståstad.  
Dei er ei inkluderande markering og feiring av det språklege mangfaldet i Noreg.**

**Ta gjerne med ein venn, kollega, nabo...!**

**Takk til Gravdahl bokhandel, Tante Gerda kafé og Høgskolen i Hedmark  
som låner bort lokale til desse arrangementa!**

**Takk til Språkåret 2013, Høgskolen i Hedmark og Austmannalaget for økonomisk støtte!**

Tysdag 08.01. Tante Gerda, kl. 16, gratis inngang	Nynorskkafé – uformelt sosialt samvær utan fast program, men ofte med spontane innslag i form av dikt, songar eller fortelingar. Det er ingen som helst føresetnad at ein har preferansar for den eine eller andre målforma for å vere med på dette.
Tysdag 5.2. Gravdahl bokhandel, kl. 18, gratis inngang	«Mål og mening - videregående elevers meninger om nynorsk og nynorskundervisning». Dag Freddy Røed held føredrag om forskingsprosjektet sitt i samband med masteroppgåva i kultur- og språkfagas didaktikk der han har sett på haldningane til nynorsk i skoleklassar i «nynorskområde», «bokmålsområde» og «blanda område» og snakka med ekte, levande elevar... Dette burde vere interessant for elevar, lærarar, rektorar, språkinteresserte, kulturinteresserte, politikarar m.fl. Dag Freddy Røed er sjølv bokmålsbrukar og lektor i skolen.
Tysdag 12.2. Tante Gerda, kl. 16, gratis inngang	Nynorskkafé – uformelt sosialt samvær utan fast program, men ofte med spontane innslag i form av dikt, songar eller fortelingar. Det er ingen som helst føresetnad at ein har preferansar for den eine eller andre målforma for å vere med på dette.
Tysdag 12.2. Tante Gerda, kl. 17	Årsmøte i Hamar dialekt- og mållag (ikkje eit Språkår-arrangement) ☺
Tysdag 5.3. Gravdahl bokhandel, kl. 18, gratis inngang	«Stadnamnlova og stadnamna». Frode Myrheim held føredrag med etterfølgjande diskusjon. Frode Myrheim er historikar med hovudfag i historie frå Universitetet i Oslo. Til dagleg er han bygdebokfattar i Aurskog-Høland herad. Han har vore særleg oppteken av Lov om stadnamn frå fleire år attende, og særleg kva ei endring av lova vil ha å seie for stadnamna, og då først og fremst gardsnamna. Frode Myrheim er også leiar i Norsk Namnelag [ <a href="http://www.norsknamnelag.no/">http://www.norsknamnelag.no/</a> ]. Det har vore ein lengre debatt i Hamar-avisene om stadnamn, og det er eit tema som mange er opptekne av. Her kan ein delta i den offentlege debatten.
Tysdag 12.3.	Kunngjering av vinnarane av Skrivekonkurransen 2013 i Hamar Arbeiderblad. [ <a href="http://www.jenshaugan.com/skrivekonkurransen/">http://www.jenshaugan.com/skrivekonkurransen/</a> ]
Tysdag 12.3.	NYNORSKSTAFETTEN til Noregs Mållag er på Hamar
Kl. 9.00-12.00 Campus Hamar (gratis)	Ingar Arnøy frå Noregs Mållag har stand på Campus Hamar og vil vere tilgjengeleg for spørsmål og samtalar. Noregs Mållag: <a href="http://www_nm_no/">http://www_nm_no/</a> Norsk målungdom: <a href="http://malungdom.no/">http://malungdom.no/</a>
Kl. 08.00-20.00 Campus Hamar (gratis)	Høgskolebiblioteket Campus Hamar har bokutstilling med temaet «Hedmarksforfattarar».
Kl. 9.15-12.00, Aud. 3, Høgskolen i Hedmark, Campus Hamar, gratis inngang	«Den nye rettskrivningsreforma». Aud Søyland frå Språkrådet held føredrag om den nye rettskrivningsreforma. Aud Søyland er til vanleg frilans omsetjar, språkrettar og ordlisteredaktør, men var tilsett i Språkrådet frå 2010 til 2011 som sekretær for nemnda som laga ny nynorsk rettskriving. Etter at rettskrivinga tok til å gjelde 1.8.2012, vart ho engasjert av Språkrådet for å halde kurs om den nye rettskrivinga for lærarar og offentleg tilsette. Så langt har ho halde kurs om den nye rettskrivinga for 1400 lærarar. Frå 2000 har Søyland vore redaktør for <i>Nynorsk ordliste</i> , fram til 2012 saman med Kåre Skadberg, no saman med Margunn Rauset. Vidare har ho gitt ut <i>Praktisk nynorsk for lærarstudentar</i> saman med Olaf Almenningen. Aud Søyland har ei bloggside [ <a href="http://nynorsk.sida.com/">http://nynorsk.sida.com/</a> ]. Dette er blir ei svært relevant førelesing for nordiskstudentar, lærarstudentar, lærarar og offentleg tilsette, men også for alle andre som har eit ønskje om å bruke den nye nynorskrettskrivinga eller reflektere over språknormering.

Kl. 12.15 Campus Hamar (gratis)	Kort markering av Nynorskstafetten og Språkåret 2013 ved biblioteket, Noregs Mållag, Hamar dialekt- og mållag. Kultursjef i Hamar kommune, Terje Halvorsen, vil kaste glans over arrangementet.
Kl. 13-16	<b>Nynorskstafetten på Østre Torg ved Gravdahl bokhandel v/ Ingar Arnøy frå Noregs Mållag.</b>
Kl. 16 Tante Gerda, gratis inngang	<b>Nynorskkafé</b> – uformelt sosialt samvær utan fast program, men ofte med spontane innslag i form av dikt, songar eller forteljingar. Det er ingen som helst føresetnad at ein har preferansar for den eine eller andre målforma for å vere med på dette. Denne dagen med dei som gjestar oss i samband med Nynorskstafetten.
Onsdag 13.3., Gravdahl bokhandel, kl. 18, gratis inngang	"Er engelsk eigentleg eit nordisk språk?". Professor Jan Terje Faarlund held føredrag med etterfølgjande diskusjon. [Lenke til <a href="#">Aftenposten</a> og <a href="#">Apollon</a> sine oppslag]. [Meir om Jan Terje Faarlund]. Jan Terje Faarlund er opphavleg frå Østre Toten og er i dag ein stor internasjonal språkforskar. Eitt av Jan Terje Faarlund sine mange forskingsprosjekt skapte litt bølgjer i media i 2012 då Faarlund og hans forskarkollega Joseph Edmonds presenterte funn som viste at engelsk kanskje burde reknast som eit nordisk språk. Dette burde interessere alle som underviser i eller jobbar med norsk eller engelsk, men også alle som er interesserte i språk, språkkontakt og språkutvikling.
Tysdag 9.4. Tante Gerda, kl. 16, gratis inngang	<b>Nynorskkafé</b> – uformelt sosialt samvær utan fast program, men ofte med spontane innslag i form av dikt, songar eller forteljingar. Det er ingen som helst føresetnad at ein har preferansar for den eine eller andre målforma for å vere med på dette.
Tysdag 9.4. Gravdahl bokhandel, kl. 18, gratis inngang	"Språkhaldningar i det fleirkulturelle Noreg". Professor Lars Anders Kulbrandstad held føredrag med etterfølgjande diskusjon. Lars Anders Kulbrandstad er professor i norsk ved Høgskolen i Hedmark og har grammatikk, andrespråksdidaktikk og fleirspråkligheit som spesialfelt i faget. I dei seinare åra har han gjort flere undersøkingar av haldningar til ulike måtar å tale norsk på, mellom anna på oppdrag frå NRK og Språkrådet. I føredraget legg Kulbrandstad fram nokre resultat frå desse studiane. [Meir om <a href="#">Lars Anders Kulbrandstad</a> ]
Fredag 12.04. Festiviteten, kl. 19, inngang kr. 100.-	Kulturkveld med Folkedanslaget Sølja og Svein Hellesøy frå Festivitetsteatret. Folkedans, allsong, opplesing av dikt og prosa. Markering av Ivar Aasen sin fødsel for 200 år sidan. Velkommen til alle interesserte! Arr: Sølja, Festivitetsteateret, Hamar dialekt- og mållag
Laurdag 13.4. Tante Gerda, kl. 17	Årsmøte i Austmannalaget (ikkje eit Språkår-arrangement). Ope for alle. Talerett, men røysterett berre for utsendingar.
Tysdag 16.4. Gravdahl bokhandel, kl. 18, gratis inngang	<b>«Nynorsk i staten».</b> Helen Johannessen held føredrag med etterfølgjande diskusjon. Helen Johannessen har ein spennande bakgrunn, bl.a. som tilsett under Gudmund Hernes, og ho vil fortelje ein og annan anekdote frå det statlege språklivet.
Torsdag 18.4. Tante Gerda, kl. 19, gratis inngang	<b>Bussen o.a.</b> Festivitetsteateret har ei kort framsyning med tekstar av Gyrid Axe Øvsteng. Svein Hellesøy m.fl. Arr.: Festivitetsteateret, Hamar dialekt- og mållag Utanom buss-sjåføren er det berre ein passasjer i bussen. Passasjeren gjev teikn om at ho vil av, men sjåføren stoppar ikkje. Samtal som kjem, viser at dei er heilt usamde om sjåføren si oppgåve. Endeleg snur bussen, men på tilbakturen kjem dei to i bussen etterkvar på avvegar, i dobbel tyding. Buss-sjåføren - Olav Bakke. Passasjeren - Ingrid Bakke. Regi - Svein Hellesøy.
Tysdag 23.4. Campus Hamar Aud. 4, kl. 12.15-13.30, gratis inngang	<b>«1066 - et skjebneår for engelsk og fransk språk».</b> Førsteamanuensis Kristin Bech og førsteamanuensis Christine Meklenborg Salvesen frå Universitetet i Oslo held føredrag om engelsk og fransk språkhistorie. Ope for alle.
Tysdag 14.5. Tante Gerda, kl. 16	<b>Nynorskkafé</b> – uformelt sosialt samvær utan fast program, men ofte med spontane innslag i form av dikt, songar eller forteljingar. Det er ingen som helst føresetnad at ein har preferansar for den eine eller andre målforma for å vere med på dette.

Fleire arrangement er under planlegging. Oppdateringar vil komme på nettsidene til Hamar dialekt- og mållag: <http://hamar-dml.no/>

**Fagfolk og lekfolk kan gjerne ta kontakt med Hamar dialekt- og mållag og få plass på programmet for å markere og feire det språklege mangfaldet.**

Jens Haugan, [jens.haugan@hihm.no](mailto:jens.haugan@hihm.no), tlf. 911 95 432

**Meld deg inn i Hamar dialekt- og mållag!** Send SMS med «**nynorsk**» til **2490!** (Kr. 200.- for 2013)